



Advokatfirmaet Vikse AS
Postboks 95
3101 TØNSBERG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/1656 - 22/26273

Saksbehandlar:
Kjartan Medaas
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:
01.04.2022

Førebels svar med trong for tilleggsopplysningar - gbnr 323/509 Frekhaug

Tiltak: Søknad om oppretting av ny grunneigedom
Byggjestad: Gbnr 323/509
Tiltakshavar: JM Norge AS
Ansvarleg sækjar: Advokatfirmaet Vikse AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 21.02.2022.

Vi trenger meir dokumentasjon i saka

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Arealet som vert søkt arealoverført er dels regulert til «felles uteopphaldsareal» og «Boligbebyggelse» og ikkje til vegformål. Det må derfor sækjast om dispensasjon frå arealformål i reguleringsplanen for Løypetona bustadområde, planid 125620070001. Informasjon om dispensasjon finn ein mellom anna på kommunen si heimeside: [Alver kommune - Dispensasjon](#)
2. Søknad om tillatelse til tiltak utan ansvarsrett er mangelfullt utfyllt. Dette må ordnast. Mellom anna må krav til byggegrunn fyllast ut.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 08.05.2022. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

GENERELL INFORMASJON

Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin

mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Kjartan Medaas
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Advokatfirmaet Vikse AS

Postboks 95

3101 TØNSBERG